



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Undervisningsutvalet for fagstudiet

13.9.2021

Dato og tid: 10.9.2021, kl. 14:15 – 16:00

Til stades: Jesse Tomalty, Ståle Melve, Franz Knappik, André Eilertsen, Torfinn Huvenes

Referat frå møte i Undervisningsutvalet for fagstudiet 10.9.2021

I Godkjenning av innkalling og sakliste

Det blei bemerkta at det var diskrepans mellom nokre av saksnummera i innkallinga og sakspapira.

Orienteringssaka Gjeninnføring av obligatorisk rettleiing for emne på 300-nivå blei flytta til IV Eventuelt

II Orienteringssaker

- Møte i Studiestyret (8. okt):

Melve orienterte om sakene i siste møte i Studiestyret. To saker var av relevans for FoF.

1) Visedekan for utdanning og internasjonalisering Svein Ivar Angell orienterte om fakultetets prioriteringer framover. 1% av budsjettet er sett av til strategiske satsingar, og i ikkje-prioritert rekkjefølgje ser dei slik ut:

- Lektorsenter

- Vidare digitalisering av utdanning

- Digitale «innføringsemne» på 2 SP i humanistisk kjernekompetanse (argumentasjon, rasjonell tenking etc.)

- Auka gjennomføring på master

- Arbeidslivsrelevans

- Rekrutteringskampanje for HF-fag

Det kom ikkje klart fram frå Visedekanan kor vidt dei digitale innføringemna skulle vere valfrie eller obligatoriske, eller kor vidt det vil vere eit supplement til ex.phil og ex.fac, eller ein «konkurrent»

2) Nedlegging av retorikk: Denne saka kom opp under Eventuelt. Fungerande studiesjef Inger Marie Hatløy kunne opplyse om at prosessen med nedlegging av retorikkprogrammet (BAHF-RET) no formelt er i gang.

Gangen i det blir som følgjer: programstyret i retorikk skriv ei uttaling som blir sendt til Studiestyret allereie no i haust. Saka går så frå Studiestyret til Fakultetsstyret, frå Fakultetsstyret til Utdanningsutvalet, og til slutt frå Utdanningsutvalet til Universitetsstyret med endeleg handsaming hausten 2022. Det vil seie at me tek opp studentar til H22-opptaket, men at programmet blir nedlagt frå H23. Me er forplikta til å halde programmet gåande så lenge det har programstudentar.

- 5-årig programevaluering filosofi (BA og MA)

Studietilsynsforskriften set krav til at utdanningsinstitusjonane har ordningar som sikrar at også dei etablerte studieprogramma tilfredsstillir dei nasjonale krava på lik linje med nyoppretta program. Prosessen ved UiB bygger på programevalueringane som skal gjennomførast minst kvart 5.år.

No i haust skal både BAHF-FILO og MAHF-FILO ha si programevaluering. Det er viktig at me kjem raskt i gang for dette er ganske omfattande arbeide. Den nye eksterne fagfella vår må koblast på no så snart som mogeleg. Heldigvis har me det meste av datagrunnlaget på plass, samt at me allereie har vore gjennom prosessen med BAHF-RET, og kan/bør dra lærdom frå den. Fristen er primo desember.

III Drøfting- og vedtakssaker

9-21 Undervisningsportefølje våren 2022

Me følgjer no, meir eller mindre slavisk, rotasjonslista vedtatt av Instituttrådet i 2017 (III 2017-19).

UFF diskuterte kva emne som skal gå, kven som skal ha undervisning, samt kven som skal ha emneansvar (der dette var uklart).

Det blei bemerkta at LOG110 treng høgst truleg 2-3 ekstra seminargrupper. I tillegg var det semje om at emna FIL116 - Introduction to Contemporary Political Philosophy, FIL220 - Metaphysics, FIL233 - Ancient Philosophy, FIL241 - Philosophy of Law, FIL249 - Political Philosophy og FIL344 Master Topic in Practical Philosophy skal ha undervisning på engelsk.

Planen treng noko vidare arbeide for å få på plass alle undervisarane. Dette må vere i boks før september ser sin ende.

Vedtak

UFF vedtar undervisningsportefølja under og sender den vidare til Instituttrådet til etterretning.

Emnekode	Emne	Und.form	Antall	Foreleser/seminarleder	Emneansvarlig
<i>Obligatorisk BA program</i>					
FIL120	Filosofihistorie 1	Forelesning	10	Fossheim/Skilleås	Hallvard Fossheim
LOG110	Intro. til formallogikk	Forelesning	6	Eivind Kolflaath	Eivind Kolflaath
LOG110	Intro. til formallogikk	Seminar 1		Eivind Kolflaath	
LOG110	Intro. til formallogikk	Seminar 2		Kevin	
LOG110	Intro. til formallogikk	Seminar 3		Kevin	
LOG110	Intro. til formallogikk	Seminar 4		Ragnhild, Leon, Mette, Gunnar	
LOG110	Intro. til formallogikk	Seminar 5		Ragnhild, Leon, Mette, Gunnar	
LOG112	Intro. til filo. logikk	Forelesning	5	Torfinn	Ole Hjortland
LOG112	Intro. til filo. logikk	Seminar 1		Kevin?	
LOG112	Intro. til filo. logikk	Seminar 2		Kevin?	
LOG112	Intro. til filo. logikk	Seminar 3		Torfinn	
FIL251/FIL252	Bacheloroppg. i filo	Forelesning	5	Gro Rørstadbotten	Gro Rørstadbotten
<i>Obligatorisk MA program</i>					
FIL344	Forsk.emne i prak. filo.	Forelesning	10	Espen Gamlund	Espen Gamlund
<i>Valgfrie emner</i>					
LOG111/LOG113	Deduksjon og metalogikk	Forelesning	10	Tore Øgaard	Eivind Kolflaath
LOG111/LOG113	Deduksjon og metalogikk	Seminar 1	10	Eivind Kolflaath?	Eivind Kolflaath
LOG111/LOG113	Deduksjon og metalogikk	Seminar 2	10	Tore Øgaard, Leon?	
LOG111/LOG113	Deduksjon og metalogikk	Seminar 3	10	Tore Øgaard, Leon?	
FIL105/FIL235/FIL335	Sinnsfilosofi	Forelesning	10	Gunnar Karlsen	Gunnar Karlsen
FIL233/FIL333	Filosofien i antikken	Forelesning	10	Hallvard Fossheim	Hallvard Fossheim
FIL241/FIL341	Rettsfilosofi	Forelesning	10	Carola Freiin von Villiez	Carola F von Villiez
FIL220/FIL320	Metafysikk	Forelesning	10	Mette Hansen	Mette Hansen
FIL116	Innf.i moderne politisk teori	Forelesning	10	Jesse Tomalty	Jesse Tomalty
FIL249/FIL349	Politisk filosofi	Forelesning	10	Jesse Tomalty	Jesse Tomalty
FIL231/FIL232/FIL310	Åpent emne [tema]	Forelesning	10	Paolo de Cuzzani	UFF
FIL106/236/336	Miljøetikk	Forelesning	10	Trygve Larvik	Trygve Larvik
<i>BA i retorikk</i>					
RET250	Bacheloroppgave i retorikk	Forelesning	5	Børdahl/Hansteen	
RET202	Filosofi og retorikk	Forelesning	10	Gro og Hans M har hatt det før	
<i>Didaktikk</i>					
DIDAHUM2	Fagsamtale og muntlig formidling	Forelesning	1	Hansteen	Hansteen
DIDAHUM2	Fagsamtale og muntlig formidling	Seminar	7	Hansteen	
DIDAFIL2	Filosofididaktikk 2	Forelesning	8	Hansteen/Tellmann	

10-21 Emneevalueringar og lærarrapportar V21

Våren 2021 blei instituttet sitt nye studentevalueringssystem satt i kraft der alle emne som går i eitt semester blir evaluert. UiB sitt nye kvalitetssystem for utdanning har også fått på plass semestervise lærarrapportar for emne med undervisning. UFF gjekk gjennom evalueringane og lærarrapportane observerte følgjande:

- *FIL120*: ønskjer endring av vurderingsform frå skuleeksamen til heimeeksamen, samt endring av arbeidskrav.
- *LOG111/311*: ønskjer å endre omfang for arbeidskravet «øvingsoppgåver»
- «Filosofi og kjønn»: ønskjer restrukturering/bli meir synleg

Det som blir kalla større strukturelle endringar (vurderingsform, arbeidskrav etc.) må innom fakultetet innan fristen 15. aug for implementering komande vår. UFF var samstemt frustrerte over denne fristen som me sjeldan når p.g.a. alle utval desse endringsforslaga oftast må gjennom på vegen til fakultetet. Informasjon ad endringar er sjeldan klar før seint i juni, rett oppunder sommarferien.

Når det gjelder forslaga for *FIL120* vil UFF ta endringsforslaga opp med emneansvarleg (som ikkje var den som kom med forslaga) m.t.p. vedtak før neste frist 15. feb. 2022.

For *LOG111/311* sin del så kan endringsforslaget implementerast allereie frå V22.

For «Filosofi og kjønn» sin del vil UFF sjå på moglegheiter for korleis me kan gjere dette emnet meir synleg for studentane

Andre forslag var av meir timeplanmessig art (el.lik.) og vil bli tatt hensyn til under planleggingen av V22.

Svarprosenten på studentevalueringar er framleis altfor låg. UFF må sjå om det finnes måtar me kan få auka svarprosenten.

Vedtak

UFF tar endringsforslaga til etterretning, og følgjer opp anten umiddelbart eller til neste endringsfrist 15.2.2022

11-21 Møteplan H21

UFF tek sikte på å leggje sine møte til torsdagar/fredagar helst to veker før det er instituttrådsmøte.

Vedtak

UFF vedtar følgjande møteplan for hausten 2021:

Tor. 10.9, 13:15 – 15:00

Fre. 8.10, 13:15 – 15:00

Fre. 5.11, 13:15 – 15:00

Møta vil føregå digitalt i Zoom

IV Eventuelt

- Gjeninnføring av obligatorisk rettleiing for emne på 300-nivå

Tomalty har rekna på det og den auka ressursbruken vil ikkje bli heilt leveudyktig. UFF meiner det er viktig å i større grad enn i dag distingvere emne på 200- og 300-nivå, og gjeninnføring av obligatorisk rettleiing for emne på 300-nivå kan vere eit føremålstenleg grep.

UFF vil ta opp igjen saka seinare i haust i samband med emneplansendingar for H22.

- Konstituering av nytt medlem

UFF har fått eit nytt medlem, Torfinn Huvenes. Han var til stades på møtet og er no konstituert.

Jesse Tomalty
utvalgsleder

Ståle Melve
sekretær